



Ing. Taule AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3700 - 16/341

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
06.01.2016

## Godkjent endring av løyve - gbnr 134/379 Hilland

### Administrativt vedtak. Saknr: 010/16

**Tiltakshavar:** Birger Andre Hansen  
**Ansvarleg søker:** Ing. Taule AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3

Saksutgreiing:

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av løyve til oppføring av einebustad med sekundærhusvere. Det vert elles vist til søknad motteken 21.12.2015 og supplert 04.01.2016 og til det opprinnelege løyvet, datert 09.11.2015.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då den vart mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søker ved brev av 22.12.2015, der manglande dokumentasjon vart etterspurd.

Dokumentasjon vart motteke ved e-post frå ansvarleg søker 04.01.2016. Søknaden er no komplett, og sakshandsamingsfristen er 3 veker frå denne datoen.

### Endringssøknaden

Gjeld heving av taket, og dermed auke i bruksareal på loft. BRA for bustaden er oppgitt til 194,7 m<sup>2</sup>. Areal og mønehøgde er framleis innafor grensene i reguleringsplanen.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

**VEDTAK:**

Kommunen godkjenner endring av løyve etter søknad 21.12.2015, supplert 04.01.2016, jf. plan- og bygningslova § 20-3

Vilkåra i løyve datert 09.11.2015 gjeld vidare.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengelege på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3700

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Birger Andre Hansen

Vardane 75

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Ing. Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ